


Den hyggelege resepsjonisten på Rabben Feriesenter.

25.07.2017



Gjestene får ein god start på opphaldet når dei vert ønskt velkommen av Elisabeth Skjoldal.

Eg fekk høyra at det var så kjekk, ung resepsjonist på Rabben Feriesenter, og dermed måtte uskedalen.no ta turen nedom campingplassen. Vi merke med ein gong at den rosande omtalen av 17 år gamle Elisabeth Skjoldal frå Samnanger måtte stemma då vi kom i kontakt med ho etter at ho først hadde hjelpt nokre gjester. Blid og særdeles imøtekommende, var ho.

Elisabeth er godt kjent på Rabben Feriesenter. Frå ho var liten har ho feriert i Uskedalen. Først leigde dei hytte på Rabben, men seinare har ho og familien feriert i eiga vogn på Øyro Marina. Far til Elisabeth har vore ein aktiv og særdeles stødig frivillig under Festidalen dei siste 7 åra, både som vakt og i riggegruppa.

Elisabeth Skjoldal går no på Øystese gymnas der hovudfokuset er retta mot samfunnsfag og språk. Ho beherskar både engelsk og tysk godt.

Elisabeth fortel at ho denne sommaren søkte sommarjobbar i Kvinnherad.

- I fjor var eg på språkskule i England, og i tillegg hadde eg sommarjobb heime. Derfor syntes eg at det var alfor lite tid i Uskedalen, og eg ville vera her meir denne sommaren, fortel den blide Samnanger-jenta om bakgrunnen for dette. Ho fortel at ho fekk mange positive svar.
- Eg valde denne jobben blant anna på grunn av at eg får praktisera språk, fortel ho og legg til at ho trives veldig godt i jobben på Rabben Feriesenter. Ho er svært fornøgd med ordna arbeidstid fordelt på føremiddags- og ettermiddagsvakter. I tillegg til å betjena resepsjonen vert tid i føremiddagsvakta brukt til vasking av hytter.
- Dei må jo vera skikkeleg vaska og klare til nye gjester kl.12, seier ho om den saka.



Elisabeth Skjoldal framfor ein del av hyttene på Rabben Feriesenter.

Hovudtyngda av gjester er nordmenn, tyskarar og hollendarar, men det er sjølv sagt gjester frå mange andre land også. Mange av dei eldre tyskarane snakkar berre tysk, og derfor kjem det godt med at Elisabeth har lært dette språket i mange år allereie.


Elisabeth starta i sommarjobben 3.juli og skal jobba til 9.august. Då er det berre ei veke att til skulen startar opp att. Sjølv sagt ser ho fram til Festidalen. Då får ho også ei venninne på besøk. Sjølv om ho skal jobba ein del den helga, håpar ho å få med seg ein god del av den store festen.

- Eg har vore oppe på Dønhaug kvart år, men det vert jo meir no når eg er vorten eldre, seier ho. Ho har også vore med på andre aktivitetar under Festidalen.
- Eg var med på graffiti med Gaute Haugland eit år, men etter kvart følte eg at eg blei litt for gammal for FestidaGen-aktivitetane.

Når eg møter ein slik ungdom som Elisabeth Skjoldal, som eg får inntrykk av har alle muligheter, gjer nysgjerrigheten min at eg må spørja om kva tankar ho har om framtida.

- Draumen er studiar i utlandet innan media. No tenkjer eg på journalist eller reporter på TV. Eg har bytta mange gonger, men no har eg halde meg innanfor media ganske lenge, seier språk- og samfunnsinteresserte Elisabeth Skjoldal som for tida er Rabben Feriesenter sitt blide ansikt utad saman med den trivlege drivaren Magne Heggøy.

Ingen tvil om at tipsaren hadde rett då han beskrev den unge resepsjonisten på Rabben Feriesenter!!



Is smakar godt på fine sommardagar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.